

KASTDALSELVI KRAFTVERK AS

5.
September
2014

Tilsvaer på innkomne høyringsfråsegner i samband med
høyringa av konsesjonssøknad for Kasdalselvi kraftverk i
Kastdalselvi, Kvam herad.

NVE – Konsesjons- og tilsynsavdelingen
Postboks 5091
0301 Oslo

Bergen/Kvam 5.9.2014

Kastdalselvi kraftverk (KK), Kvam herad. Svar frå Kastdalselvi kraftverk AS i samband med høyringsfråsegner til konsesjonssøknaden.

Bakgrunn

Vi viser til e-post datert 21.7.2014, der Dykk ber om Kastdalselvi kraftverk (SK) sine kommentarar til desse:

1. *Kvam herad*
2. *Fylkeskommunen i Hordaland*
3. *Fylkesmannen i Hordaland*
4. *Statens vegvesen*
5. *BKK Nett*
6. *Bergen Turlag*
7. *Forum for natur og friluftsliv*
8. *Naturvernforbundet i Hordaland*

KK sine kommentarar til dei enkelte fråsegnene:

Kvam herad:

*Kvam heradsstyre har i sitt møte 17.06.2014 gjort vedtak om følgjande høyringsuttale i HST-sak 068/14: Høyringsuttale frå Kvam herad: Ein konsesjon vil bli gitt på uavgrensa tid, og dei naturinngrep som vil følgja med ei utbygging vil vera av varig karakter. Det er difor heradsstyret si plikt å gjera ei avveging i eit langsiktig perspektiv av dei samla fordelar og ulemper av utbygginga som det er søkt om. Kvam heradsstyre har vurdert fordelar og ulemper ved å byggja ut Kastdalselvi. **Kvam herad meiner at verdien av ny kraft veg meir enn ulemper knytt til utbygginga. Kvam heradsstyre går difor inn for at det vert gjeve løyve til å byggja ut Kastdalselvi.***

Kastdalselvi kraftverk (KK) :

Det er svært positivt at Kvam herad tilrår kraftprosjektet etter omsøkte alternativ. Vi er glade for at kommunen, som den høyringsparten med best lokalinnsikt og lokal forankring i dette området, støttar prosjektet så eintydig. Dette meiner vi viser at prosjektet er lokalt forankra i Fykkesund og Kvam herad.

Fylkeskommunen i Hordaland (HFK):

Fylkesutvalet i Hordaland handsama sak PS 188/14 den 28.08.2014:

Kastdalselvi kraftverk: 5. Av omsyn til landskap, biologisk mangfald, friluftsliv, reiseliv og samla belastning rår Hordaland fylkeskommune frå utbygging av Kastdalselvi kraftverk.

Kastdalselvi kraftverk (KK) :

Vi er skuffa og overraska over at ikkje HFK kom til samme konklusjon som Kvam herad i denne saka. Som det alt er opplyst vil vassvegen og delar av tilkomstveg ikkje være synleg ettersom dette vil bli lagt i fjell. Synleg del av prosjektet vil være kraftstasjon og delar av tilkomstveg. Prosjektet ligg rett syd for 420 kV fjordspennet til Sima- Samnanger og rett nord for 66 sjøkabel med tilhøyrande landtak mellom Vikaneset og Høyhellaren (sjå kart under).

Mtp den landskapsmessige tilpassinga, med store deler av inngrepa i fjell samt eksisterande inngrep i nærleiken til prosjektområdet, vil ikkje prosjektet svekke landskapskvalitetane i særleg grad. Prosjektet ligg i midtre del av Fyksesund og er difor ikkje ein del av den indre delen av Fyksesund som er omtala i fylkesdelplan for småkraft; *«Inst i Fyksesund har landskapet eit urørt preg med store verdiar for friluftsliv, kulturlandskap og reiseliv som ein særleg må ta vare på ved utbyggingssaker i dette området.»*



Bilete 2 Trasékart for kryssinga av Fyksesundet med 420 kV-kraftlinje Sima-Hardanger. Kjelde: Statnett.

Viser også til vedlegg under der vi syner fram 2 sekundære alternativ til utbygginga av Kastdalselvi.

Fylkesmannen i Hordaland:

1. *Fylkesmannen har motsegn til bygging av fem kraftverk ut fra konflikt med nasjonale og regionale miljøomsyn; Kastdalselvi, Skåro, Øvre og Nedre Frydlielv og Matlandselva.*
2. *Fylkesdelplanen skal legges til grunn for vedtak om nye utbygginger i fylket. Gjeldende retningslinjer framgår av brev fra Miljøverndepartementet av 16. september 2013. Vi viser til verdikartene i fylkesdelplanen, særleg for sårbart høgfjell, fjordlandskap, inngreps- frie naturområder og friluftsliv. Det er registrert store verdier for disse temaområdene, jf. omtale av delområder i planen*

3. *Det går en 66 kV som sjøkabel og en 132 kV kraftlinje følger inn fjorden. Den nye 420 kV kraftlinjen Sima – Samnanger krysser midt i fjorden. Til tross for disse inngrepene framstår Fyksesundet i all hovedsak som urørt av større, teknisk inngrep. Det er høyt verdsatt som en av de siste urørte fjordområdene i Hordaland. Området er mektig, er lett tilgjengelig, og har høy verdi i forbindelse med reiseliv, turisme og friluftsliv.*
4. *Fylkesmannens vurdering, Biologisk mangfold; Det er usikkert i hvilken grad registrerte arter eller naturtyper blir berørt av utbyggingen. Forekomst av olivenlav kan bli ødelagt. Kranshinnelav kan bli påvirket av endra fuktforhold.*
5. *Utbygging av de omsøkte prosjektene i Fyksesund er alle i konflikt med fylkesdelplanen og gjeldende retningslinjer. Utbyggingsprosjektene er også i strid med kommuneplanen for Kvam herad. Disse dokumentene skal gi føringer for kommunal og statlig planlegging. NVE kunne på denne bakgrunn avvist søknadene i Fyksesundet før de ble sendt på høring.*
6. *Konklusjon; Fylkesmannen har motsegn til utbyggingsprosjektene i Fyksesundet ut fra samlet belastning på fjordlandskapet, natur- og kulturverdier.*

Kastdalselvi kraftverk (KK) :

1. Vi er overraska over at Fylkesmannen knytt motsegn til Kastdalselvi kraftverk. Vi viser til kommentar til HFK i forbindelse med synlegheit og eksisterande inngrep i Fyksesund. Det kan for oss sjå ut som at Fylkesmannen av prinsipp går i mot prosjektet pga plassering i Fyksesund.
2. Som vist til i kommentar til HFK er det følgande omtale av området som Kastdalselvi er ein del av: «*Inst i Fyksesund har landskapet eit urørt preg med store verdiar for friluftsliv, kulturlandskap og reiseliv som ein særleg må ta vare på ved utbyggingssaker i dette området.*» Prosjektet Kastdalselvi ligg i midtre del av Fyksesund og er difor **ikkje** ein del av den indre delen av Fyksesund som er omtala i fylkesdelplan for småkraft. Vi ser difor ikkje korleis Fylkesmannen brukar dette som eit argument til å gå i mot prosjektet.
3. I tillegg til desse eksisterande inngrepa er det også ein 66 kV sjøkabel med tilhøyrande landtak mellom Vikaneset og Gråura. Kastdalselvi kraftverk blir difor liggjande i ein «korridor» av 2 linjefjordkryssingar. Vi er av den oppfatning at Kastdalselvi prosjektet ikkje forringar landskapsområdet. Området rundt Kastdalselvi er i stor grad nytta av grunneigarane og lokalt busette, og turisttrafikken har diverre avteke dei siste åra. «Postbåten» som har gått i Fyksesund går diverre ikkje lenger og kafeen i Botnen er lagt ned.
4. Desse artane kan bli forringa av utbygginga, sjølv om inngrepa ikkje er planlagte i desse områda. Vi meiner også minstevassføring, tilhøyrande 5 persentilen, vil avbøte og oppretthalde fuktigheiten i vassdraget.
5. Kvam herad er positive til utbygginga og vi ser difor ikkje korleis denne påstanden kan grunngevast.
6. Det er trist at Fylkesmannen er negativ til utbygginga som vi meiner er planlagt i tråd med dei miljø- og landskapsinteressene som vi meiner er gjeldane i området.

Statens vegvesen:

Lyselva kraftverk, Dalatjørna kraftverk, Øvre og Nedre Frydlielva kraftverk, Kastdalselvi kraftverk, Risbruelva kraftverk og Skåro kraftverk - Ingen spesielle merknadar til desse 5 søknadane, men minner om at dette ikkje automatiskgjev løyve til utvidabrukav avkjørsle, nye avkjørsle, dispensasjon frå byggegrense, graveløyve m.m. Dette må det søkjast om særskild.

Kastdalselvi kraftverk (KK):

Ok. Dette er noko som vi vil komme tilbake til Statens vegvesen med når vedtak ligg føre frå NVE. Før KK startar opp med detaljplanarbeidet blir det naturleg å gjennomføre eit møte med vegvesenet.

BKK nett:

Her er det søkt om 6 småkraftverk med til sammen 21,4 MW installert ytelse. Av dette vil 4,5 MW bli knyttet mot Norheimsund transformatorstasjon og 16,9 MW mot Øystese transformatorstasjon. Det er ikke ledig kapasitet i regionalnettet til denne nye kraftproduksjonen. - Øystese transformatorstasjon har ikke ledig kapasitet til både de nevnte kraftverkene som skal knyttes mot Øystese (Øvre og Nedre Frydlielva kraftverk, Kastdalselvi kraftverk og Skåro kraftverk) og den tidligere konsesjonssøkte Øystese kraftverk (23 MW, konsesjonssøkt i 2012). Hvis alle de nevnte kraftverkene skal realiseres må det installeres en større 132/22 kV transformator i Øystese transformatorstasjon. - 132 kV kraftledningen Samnanger-Norheimsund-Øystese har noe ledig kapasitet, men ikke nok til det totale volum av planlagte og omsøkte kraftverk i Kvam herad. BKK Nett har fått konsesjon til å bygge en ny kraftledning. Ny kraftledning blir tidligst ferdigstilt i år 2017. - 300/132 kV transformatoren i Samnanger transformatorstasjon har ingen ledig kapasitet. BKK Nett har fått konsesjon på en større transformator og planlegger å få den på drift i år 2016. Det er trolig ikke ledig kapasitet i distribusjonsnettet i Kvam herad til de omsøkte kraftverkene. Vi henviser til Kvam kraftverk som er områdekonsesjonær.

Kastdalselvi kraftverk (SK) :

Vi har vore i kontakt med Kvam kraftverk som BKK Nett viser til her. Dei skriv følgjande om nettkapasiteten i området:

«Me ser for oss at linja Øystese – Porsmyr og sjøkabel vidare til Vikane blir bygd for 22kV. Det er normalt innafor vår områdekonsesjon. Om eit reint produksjonsnett kan byggjast innafor områdekonsesjon er litt usikkert. Det må me undersøkje med NVE.

132kV linja frå Øystese til Ålvik kryssar over dette området, og det kan vera eit alternativ å byggja eigen transformatorstasjon for 132/22kV i området. Det må i så fall søkjast konsesjon for.

Om berre Kastdalselva kraftverk skal inn på nettet vil det likevel ikkje gå på eksisterande nett. Eit alternativ kan vera å berre leggja ny sjøkabel frå Porsmyr til Vikane, og koplå den inn på eksisterande nett i Porsmyr. Det må utarbeidast ny nettanalyse for å kunna gi eit endeleg svar på om det kan gå»

BKK Nett tek opp at det ikkje er kapasitet til alt som er omsøkt i området. Det er heller ikkje sjølvstendig at alle dei omsøkte prosjekta i Kvam vil få konsesjon, men slik vi tolkar Kvam Kraftverk/BKK Nett er det nettkapasitet til majoriteten av desse prosjekta som er omsøkt.

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard (DMF):

DMF har ingen flere merknader til søknadene.

Kastdalselvi kraftverk (SK) :

Ingen kommentar.

Bergen turlag:

- 1. Samla vurdering friluftslivinteresser, landskap, naturverdiar og kulturminne i Fyksesundet: Innarste delen av Fyksesundet er eit særskilt landskap. Fylkesdelplanen for små vasskraftverk 2009 – 2021 legg ned strenge føringar på inngrep i fjordlandskap som er karakterisert som urørt. Den innerste delen av Fyksesundet er karakterisert som urørt i den nemnde fylkesdelplanen. Det er i samsvar med statlege retningslinjer frå Olje- og energidepartementet at klassifisering etter regional plan skal vektleggjast i sakshandsamingsprosessen. Vi vil be Noregs vassdrags- og energidirektorat vektleggje dette med omsyn til dei einskilde prosjekta, og med omsyn til vurderinga av samla last for innerste delen av Fyksesundet. I den samanheng er det også relevant å ta omsyn til at yttarste del av Fyksesundet er prega av tyngre tekniske inngrep. Det er difor føremålstenleg å forvalta området innerst i Fyksesundet i tråd med dei statlege retningslinjene og retningslinjene i fylkesdelplanen for små vasskraftverk 2009 - 2021.*
- 2. Kastdalselvi kraftverk er det planlagt ein ny veg, som skal leggjast langs fjorden som totalt er prosjektert til å vera 1,3 km lang. Om lag 150 m vil vera ein tunnel med tversnitt 20 m . Vegen er i prosjektsøknaden skildra som 4-5 meter vegbreidde og eit rydebeltet på 10 meter. Det vert vanskeleg å skjerma denne vegen, og det vil verta eit ytterlegare inngrep langs fjordlandskapet i Fyksesund. Det er uheldig å tillata nye inngrep langs fjordstrandsona, og dette vil vera eit synleg sår i landskapet sett frå fjordsida.*
- 3. Kraftstasjonen er planlagt ved fjorden. Det vil difor vera relevant å leggja vekt på retningslinjene for LNF-område i kommuneplanens arealdel for Kvam herad 2006 – 2014. I tillegg vil prosjektet måtte vurderast i høve retningslinje R3, jf. fylkesdelplanen for små vasskraftverk 2009 – 2021 Hordaland. Vi meiner at ytterlegare tekniske inngrep i den innerste delen av Fyksesund vil vera uheldig, og koma i tillegg til fjordspennet for ny 420 kV-kraftlinje Sima-Hardanger.*
- 4. I flaumperiodane er Kastdalselvi eit synleg landskapselement i Fyksesundet.*
- 5. Prosjektet omtaler "aktsomhetskart" utarbeidd av NVE i høve fare for snøskred og steinsprang. I konsesjonssøknaden er det først og fremst vegtunnelen som er vurdert. Vi saknar at det føreligg ei vurdering for heile vegstrekninga på 1,3 kilometer i høve dette momentet.*
- 6. I konsesjonssøknaden meiner tiltakshavar at det omsøkte prosjektet inngår i arealkategorien LNF-C. I gjeldande arealplan for Kvam herad 2006 – 2014 ligg*

Kastdalen og Kastdalselvi i eit område regulert som LNF-område. i det planlagte prosjektområdet. 15 Det er difor ikkje ei generell opning for "spredt bebyggelse".

7. I prosjektområdet inngår det ei rekkje naturmangfaldverdiar. I konsesjonssøknaden vert det vist til: " Under feltarbeidet ble kranshinnelav (VU), olivenlav (NT), barlind (VU), alm (NT), ask (NT) og fiskemåke (NT) registrert innenfor influensområdet. I tillegg finnes hønhauk (NT) og sannsynligvis strandsnipe (NT) og stær (NT)". I tillegg er naturtypene bekkekløft og bergvegg, og den raudlista naturtypen elveløp (NT). Det er difor relevant å leggja til grunn retningslinjene R5 nummer 1 bokstav b, jf. fylkesdelplan for små vasskraftverk 2009 – 2021 Hordaland. Prosjektet medfører også overskotsmassar på 30 000 m³ og behov for deponering av massar. Her er det foreslått ulike løysingar for deponering av massane. Primært er det foreslått eit midlertidig deponi i LNF-område, og eit permanent deponi i LNF-område eller i nærleiken av eit LNF-L område. Vi ber NVE vektleggje retningslinjene i gjeldande kommuneplan med omsyn til plassering av deponi. I tillegg har gjeldande kommuneplan eit areal i fjorden med arealkategorien "Fi" (Fiskeområde), som er av relevans dersom den sekundære løysinga om dumping av massar i fjorden vert valgt.
8. Prosjektet vil kunne bidra med 13,2 GWh i estimert årleg kraftproduksjon. Eit sentralt vurderingsmoment etter vassressurslova § 25 er om føremonene ved tiltaket er større enn ulempene. Både inngrep i vassdraget og i nedbørfeltet er relevant å vurdere etter denne bestemminga. Prosjektet vil medføre inngrep i standsona langs fjorden med ny veg, tunnel, plassering av midlertidig og permanent deponi, og kraftstasjon. I tillegg vil det medføre 1035 m med delvis bora tunnelsjakt og delvis nedgravd røyrgate. Dette fører til ei redusert vassføring på om lag 800 meter. Området i den inste delen av Fykkesund er identifisert som eit særskilt fjordlandskap, og retningslinjene i fylkesdelplanen for små vasskraftverk 2009 – 2021 legg vekt på å unngå inngrep i fjordlandskap med eit "urørt preg". Av omsyn til å hindra ytterlegare forringing av fjordlandskapet og omsynet til opplevingsverdi, så ønskjer vi å ivareta dei resterande delane av Fykkesundet. Vi kan difor ikkje tilrå kraftprosjektet.

Kastdalselvi kraftverk (SK):

1. Vi viser til kommentar til HFK og til Fylkesmannen sin kommentar nr. 2.
2. Vi merkar oss at BT er negativ til vegtilkomst. Vi har i vedlegg presentert 2 utbyggingsalternativ som vi meiner avbøter desse innspelane.
3. Vi viser til Kvam herad si fråsegn som støttar omsøkt alternativ fullt og heilt. Vi ser ikkje heilt utfordringa i høve til kommunedelplan sett i lys av dette.
4. Kastdalselvi er eit småkraftverk utan reguleringsmagasin og Kastdalselvi vil difor være eit landskapselement også etter ei utbygging.
5. Vi kan framskaffe informasjon rundt dette til synfaringa med NVE.
6. Som tidlegare nemnt ser vi ikkje at prosjektet er i strid med Fylkesdelplan for Hordaland.
7. Vi har som BT påpeikar forelått ulike plasseringar av massane. Vi ser ikkje korleis dette skal komme i konflikt med kommunedelplan all den tid Kvam herad støttar prosjektet så eintydig.

8. Vi er ueinige i dette. Kastdalelvi kraftverk er eit av dei prosjekta som vil generere mest produksjon i høve til dei andre prosjektet i Samnanger-, Fusa- og Kvam-pakken frå NVE. Vi meiner inngrepa her er tilpassa i høve til landskap og miljø og at dei samfunnsmessige føremonna overstig ulempene.

Forum for natur og friluftsliv (FNF):

1. FNF Hordaland er særskild klar på at alle dei 3 prosjekta (4 kraftverk) i Fykkesund må verta avslått grunna høgt konfliktnivå med brukarinteresser (friluftsliv), landskap, naturverdiar (biologisk mangfald) og reiseliv/turisme, samt at den samla belastninga av planlagde og eksisterande inngrep er høg i nærleiken av Fykkesund (sjå tab. 1). FNF vurderer alle prosjekta i Fykkesund som dei mest kontroversielle i heile småkraftpakka, og ber om at NVE legg vekt på avslag vedr. alle fire kraftverka i dette området over avslag på andre prosjekt i pakka. Det er òg festa i lovplanar og retningslinjer at Fykkesund skal takast vare på ift. fysiske inngrep jf. fylkesdelplanen for små vasskraftverk, fylkespolitiske retningslinjer for små vasskraftverk – R3, R5, R6, R7 og R9, samt kommunale planar i Kvam herad, td. kommunedelplanen under mål og strategiar for friluftsliv og retningslinjer for småkraftverk vedteke av heradsstyret, spesifikt gjeldande Fykkesund (pkt. 4).
2. På side iv og 37 i søknaden nyttar NK Småkraft AS feil oppsummeringstabell av verdi, omfang (virkning) og konsekvens. Søkjar nyttar feilaktig ein oppsummering frå ein gammal rapport (fig. 2). Riktig tabell står i sjølve konsulentrapporten (nr. 1859) til Rådgivende Biologer (fig. 3).
3. Søkjar skriv under 3.9.2 Konsekvensvurdering – Landskap: "Bygging av tilkomstvei til kraftstasjonen fra Furehaugen vil medføre en del synlige naturinngrep i strandsonen øst for Vikane, men også i dette området er innsyns-mulighetene beskjedne, og i praksis begrenset til dem som ferdes på fjorden med båt"fortsettes under 3.14.1 Brukerinteresser – Dagens situasjon og verdivurdering: "Den viktigste fritidsbruken av tiltaksområdet er båtrelatert og knyttet til det regionalt viktige friluftsområdet Indre Fykkesund". Vi meiner poenget her er nettopp at bruk av området går sjøvegen og dermed vil bygging av kraftstasjon, tilkomstveg og redusert vassføring i elva vere skjemmaende for landskap og brukarinteresser i større omfang enn førespegla i søknaden.
4. Under vedlegg 6 – syner fig. nr. 3 at vassføringa nedanfor inntaket i eit middels år (1997), som indikerer at ei minstevassføring på $79 \text{ l/s} = 0,079 \text{ m}^3/\text{s}$ i perioden 1/5 – 30/9, ikkje vil vere tilstrekkeleg for å oppretthalde elva som landskapselement i perioden mellom 1/5 og 1/8
5. Dei største synlege/varige arealinngrepa vil vere tilkomstveg på totalt 1300 m frå Klyve/Furehaugen (150 m i tunnel, samt delvis utbetring av eksisterande skogsbilveg), kraftstasjon og massedeponi. Inngrepa vil føre til bortfall av 0,05 km² INON-sone 2. Under 3.4 Ras, flom og erosjon – Ras kan vi ikkje sjå det har blitt gjort noko rasvurdering ift. sjølve tilkomstvegen. Vi er skeptisk til realismen av å bygge ein veg,

som skal tåle mange titals tonn (fullasta betongbil veg rundt 30-35 tonn), ut frå visualiseringa i søknaden, utan at den ikkje vert eit særst visuelt inngrep sett frå fjorden.

6. *Totalvurdering; Kastdalselvi kraftverk FNF Hordaland føreslår primært avslag på søknaden grunna heilskapleg vurdering ang. Fyksesund, sekundært føreslår vi eit alternativ utan tilkomstveg (totallengd 1300 m), som vil vere synleg frå fjorden og difor føre til forringing av opplevingsverdien ift. brukarinteresser (friluftsliv), landskap og reiseliv/turisme, samt fjerning av minstevassføring i sommarperioden (1/5 – 30/9).*

Kastdalselvi kraftverk (SK):

1. Viser til tidlegare kommentar til HFK, Fylkesmannen og BT.
2. Vi orsakar at tabellen som FNF ved ein feil ikkje er oppdatert. Dersom FNF har lest kapittel 3 i søknaden har dei sikkert sett at oppsummeringa som framkjem der er i tråd med det som står i KU frå Rådgivende biologer (og at det berre er tabellen som ikkje er oppdatert i søknaden).
3. Ut i frå kven som brukar området og korleis prosjektet er planlagt er vi ueinige i at dette vil framstå skjemma i området slik FNF hevdar her. Grunneiarane er også dei som nyttar området rundt Kastdalselvi mest til landbruksdrift og fritidsaktivitetar.
4. Som vi har synt i søknaden framstår ikkje Kastdalselvi som eit landskapselement utanom i flaumperiodar. Prosjektet vil køyre på tilsig og vi har ingen reguleringsmagasin i prosjektet. Elva vil difor framleis vere synleg i flaumperiodar også etter ei utbygging.
5. Dette er identisk med fråsegna frå BT og viser her til kommentar nr 5 i deira fråsegn
6. Vi er skuffa over at FNF går i mot omsøkt alternativ som sitt primære standpunkt. Det er positivt at FNF kan gå innfor prosjektet på vilkår om kai. Dette er nærmare omtala i vedlegg under.

Naturvernforbundet i Hordaland (NFH):

Kommentar KK: NFH har tilnærma same kommentarar som BT og FNF, og vi viser til våre kommentarar til deira fråsegner, men kommenterer oppsummeringa under:

Oppsummering/konklusjon I søknaden vises det stadig til at den nye 420 kV-linjen Sima-Samnanger allerede har forringet området, og til at det er flere andre utbygde kraftverk i området. Vi anser ikke dette som et gyldig argument for ytterligere forringelse av området. At et område allerede er utsatt gjør at det er desto større grunn til å ivareta resterende.

Kastdalselvi kraftverk (KK) :

Det er synd at NFH går i mot prosjektet. Som tidlegare nemnt er det allereie fleire tekniske inngrep i desse områda, og KK meiner at prosjektet ikkje vil forringe noko

ingrepsfritt område og at tiltaka her er planlagte ut i frå landskaps- og miljøomsyn. Grunneigarne i KK, som er tilknytte 4 gardsbruk på Klyve, er oppteken av at dette prosjektet vil gjere det lettare for dei å ta vare på kulturlandskapet i dette området då denne potensielle tilleggsinntekta vil kunne gjere det lettare å drive landbruk (sauehald, skogsdrift. mm). Dette meiner vi vil kunne auke verdien av område i forhold til turisme og friluftsliv ettersom ein unngår at meir landbruksjord i Fykkesund gror igjen.

Oppsummering/Avsluttande kommentarar

Kastdalen småkraftverk er eit samarbeidsprosjekt med NK Småkraft og 4 lokalt busette grunneigarar som alle driv gardsbruk på Klyve i Fykkesund (Kvam herad). Dei 4 grunneigarane vil derfor kunne få dette som ei tilleggsinntekt til gardsbruka sine, noko som vi meiner er viktig for å oppretthalde landskapet som ein del av høyringspartane er oppteken av å oppretthalde.

Prosjektet vil kunne produsere 13,2 GWh noko som tilsvarar 660 husstandar fornybar straum. Ein del av høyringspartane, spesielt interesseorganisasjonane BT, FNF og NFH, er negative til prosjektet slik det er omsøkt og vi har difor i tillegg til omsøkt alternativ, som er det primære valet, lagt inn 2 alternative utbyggingar.

På bakgrunn av dette tilrår vi NVE å gå inn for konsesjon på Kastdalselvi kraftverkverk – til liks med Kvam herad.


Vennleg helsing

På vegne av Kastdalselvi kraftverk A/S

Bård Moberg.

Vedlegg: Presentasjon av sekundert (Alt B) og tertiært alternativ (Alt C for utbygging av Kastdalselvi.

Alt. B



Inntakplassering som Alt A, men utløp er flytta ca.170 m lenger syd. Dette i hovedsak for å oppnå ei kortare vegtilkomst og eit mindre synleg terrenginngrep.

ALT. B)

	Diameter / tverrsnitt	Lengde
	m / m ²	m
Boret sjakt	1,1 / -	250
Råsprengt tunnel	- / min. tv.	900
Trykkrør i tunnel	0,8 / -	100
Nedgravd rør	0,8 / -	-
Totalt		1250

Tabell Kostnadsoverslag Alt. B (prisnivå 1.1.2012)

Kastdalselvi kraftverk	mill. NOK prisnivå primo 2012
Reguleringsanlegg	-
Overføringsanlegg	5,3
Inntak/dam	
Driftsvannveier	17,4
Kraftstasjon, bygg	3,8
Kraftstasjon, maskin og elektro	15,0
Kraftlinje	0,3
Transportanlegg	0,7
Div. tiltak (terskler, landskapspleie, med mer)	0
Uforutsett (15 %)	6,4
Planlegging/administrasjon.	2,8
Finansieringsutgifter og avrunding	1,3
Anleggsbidrag	-
Sum utbyggingskostnader inkl. Anleggsbidrag	53

Alt. C

Alt C har samme kraftstasjonsplassering og vassveg som omsøkt alternativ (Alt. A), men kaianlegg i staden for tilkomstveg til Kastdalen. Dette alternativet er kostnadsrekna til å være 4,5 mill. NOK dyrere enn omsøkt alternativ, altså 57,5 mill.NOK. Dette tilsvarar ein utbyggingspris på 4,35 kr/kWh. I tillegg til høgare utbyggingspris vil dette alternativet være meir utfordrande å drifte pga tilgjengelegheit og dyrare transport.